

**Så er 5 av 8 artistgrupper på plass i Festidalen 2012, I dag har arrangøren sluppet 2 nye og publikum kan glede seg til opning laurdag med lokale Matti Røssland og punktum søndag med Oslobandet BigBang. Under eit pressemøte i Dønhaugkjedlaren gjorde leiinga det klart at lista kan vera ope også for fleire lokale band.  
- Ingen tog er gått, sa Bjørn Olav Tveit.  
Frå før har John Olav Nilsen & Gjengen, Mikael Paskalev og Andre Holstad teikna kontrakt.**

ILeiinga reknar med at husnesingen Matti som Kvinnherads eigen artist vil trekkja mange til Dønhaug. Han vart oppdaga i 1988 oig albumet 'Før hanen galar' som kom året etter vart ein suksess. 3 år etter kom 'Tøffe tider' og Matti vart belønna med NOPA-prisen for årets verk innan tekst.

Avisene har skreve om Matti at få skriv så godt på norsk i musikkbransjen vår GD i Lillehammer gjekk så langt som å kalle prestasjonane hans ein oppvisning i genuin vestlandsk mlankoli, nostalgi, minner og drømmer, vakre viser og fengjande poetisk poprock.

Mange reknar BigBang som landets beste liveband, som vart starta av Øystein Greni . Dette er roekte rock inspirert av Jimi Hendrix og supplert av eit fengjande sceneshow. Det store gjennombrøtet for bandet var i 1999 i Stavanger og sidan har dei gjeve ut 7 album. Det siste som kom for 1 år sidan låg 21 veker på VG-lista. Bandet feirer 20 år i år.

Og fredag startar billettsalet for ein festival som har open aldersgrense

Av Ola Matti Mathisen